

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

20.02.2012

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tysdag, 28.02.2012 kl. 16.05 i
Rådhuskjellaren

SAKLISTE:

- | | |
|-----|---|
| Sak | 01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 24. november 2011 |
| " | 02/12 - Årsmelding 2011 – Stranda kontrollutval |
| " | 03/12 - Oppgåver for kontrollutvalet, oversikt over sakstypar og årshjul |
| " | 04/12 - Ein eventuell spørjerunde om kontrollutval og revisjon, jf utlevert kontrollutvalbok (ingen saksdokument) |
| " | 05/12 - Statusrapport frå kommunerevisjonen – rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon (eventuelt skriftleg materiale vil kome seinare) |
| " | 06/12 - Plan for selskapskontroll for valperioden 2011 til 2015 |
| " | 07/12 - Kommunestyrevedtak i sak 114/11 om dokumentasjon av VAR – kostnader |
| " | 08/12 - Møteplan 1. halvår 2012 |
| " | 09/12 - Arbeidsdeling i kontrollutvalet (Til drøfting) |

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 24.11. 2011 kl. 12.30
Møtestad: Storfjord Kulturhus

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles tilstades: Randi Strand Overaa, Eva Rinde Habostad, Magnar Furset, Svein Kvaløy,
varamedlemmane Tove Iren Knivsflå og Hildegunn Brune

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte assisterande rådmann Kjartan Lied.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 16/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. JULI 2011**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 14. juli 2011 blir godkjent.

**SAK 17/11
ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka vart utsett.

SAK 18/11**STATUS OG VIDARE PRIORITERING AV
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.11.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Gjenståande forvaltningsrevisjonar av Stranda hamnevesen KF, Strandafjellet KF og sentrumsområdet skal gjennomførast.
2. Overordna analyse knytt til plan for forvaltningsrevisjon og forslag til plan for selskapskontroll blir å legge fram i neste møte.

SAK 19/11**TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2011 STRANDA KOMMUNE**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.11.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ser med uro på den økonomiske situasjonen Stranda kommune er komen i.
2. Kontrollutvalet vil i situasjonen tilrå fleire økonomiske rapporteringar pr. år og ekstra kvalitetsikring av rapportane.

SAK 20/11**SVAR VEDKOMANDE DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN VED
STRANDAFJELLET KF**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.11.2011

Følgjande forslag til vedtak vart lagt fram for kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet har den økonomiske utviklinga i Strandafjellet KF til observasjon.
2. Saka blir å oversende kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

1. Kontrollutvalet viser til Strandafjellet KF sin prognose for årsresultat 2011, som viser eit underskot på vel 8,1 mill kroner. Prognosene er basert på full innbetaling av leige frå Strandafjellet skisenter as. Avvik her vil forverre resultatet. I underskotet er inkludert meirforbruk frå 2010 på ca 2,4 mill kroner, og som etter regelverket må dekkast inn over kommunens ordinære driftsbudsjett for 2012. Tilsvarande vi gjelde for nye udekka underskot.
2. Prognosene for årsresultatet er no i samsvar med revisjonsnotat per 12.07.2011. Dette inneber ei vesentleg endring i føretakets eigne prognosar framlagt for kommunestyret 22. juni 2011.

3. Kontrollutvalet er uroa over den økonomiske utviklinga i føretaket, då årlege underskot kan få alvorlege følgjer for tenesteproduksjon og andre lovpålagde kommunale oppgåver.
4. Kontrollutvalet har merka seg at styret i føretaket no arbeider med tiltak for å rette opp økonomien på kort og lengre sikt. Det vil vere behov for tett oppfølging med økonomirapportar, og utvalet vil følgje utviklinga nøye.
5. Økonomien i føretaket er nær knytt til drifta av Strandafjellet skisenter as. Kontrollutvalet vil i samband med plan for selskapskontroll vurdere eigarskapskontroll og eventuell forvaltningsrevisjon av drivarselskapet i 2012. Dette spørsmålet vil bli fremja som eiga sak for kommunestyret.
6. Saka blir å oversende kommunestyret til orientering.

SAK 21/11
BUDSJETT STRANDA KONTROLLUTVAL 2012

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.11.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Møte- og leiargodtgjersle blir sett i samsvar med vedteke reglement. Det er rekna med 6 møte.
2. Kurs, reiseutgifter-og opplæringsutgifter blir stipulert til ca kr 20. 000,-.
3. Eventuell meirkostnad innan tilsyn, kontroll og revisjon, kr 100.000,-
4. Det blir i tillegg vist til Stranda kommune sin del av utgiftene knytt til kontrollutvalsekretariat og revisjon.

Inge Gjærde leiar (sign.)	Randi Strand Overaa medlem (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Magnar Furset medlem (sign.)	Svein Kvaløy medlem (sign.)
---------------------------------	--	---	------------------------------------	-----------------------------------

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 20.02.2012

**SAK 02/12
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2011 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2011 for Stranda kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

STRANDA KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2011

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt å ha kontrollutval. Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og sammensetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat. Stranda kommunestyre har også vedteke eige reglement for Stranda kontrollutval.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eierskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

I valperioden 2007 til 2011 har utvalet følgjande samansetning:

Leiar: Inge Gjærde (H)
Nestleiar: Per Berge (Frp)
Medlem: Hildegunn Brune (Ap)
Medlem: Kari Johansen (H)
Medlem: Arne Ola Stavseng (Sp)

Etter valet i 2011 har utvalet denne samansettinga:

Leiar: Inge Gjærde (H)
Nestleiar: Randi Strand Overå (Sp)
Medlem: Magnar Furset (Ap)
Medlem: Eva Rinde Habostad (Krf)
Medlem: Svein Kvaløy (V)

Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2011 og behandla 21 saker. I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmeldingar, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Kontrollutvalet har lagt fram for kommunestyret forslag om endring i reglementet for Stranda kontrollutval. Endringane gjeld gjeld pkt. 2.5 om opne eller lukka møte med innføring av høyringar. Kommunestyret godkjente framlegget til endringar og ga kontrollutvalet fullmakt til sjølv å utarbeide dei nærare retningslinene for høyringar. Dette har blitt utført. I samsvar med kontrollutvalforskrifta § 6 har kontrollutvalet hatt ei generell oppfølging av revisjonsarbeidet i Stranda kommune. Kontrollutvalet har også hatt oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapportar og selskapskontroll i 2011 på dagsordenen.

Den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF per 30.06.2011 har vore underlagt ei grundig behandling frå kontrollutvalet si side. Ei oppfølging av den vidare økonomiske utviklinga i Strandafjellet KF vart gjort i slutten av året.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt prioritert å ivareta den styrka stillinga kontrollutvalet er forutsatt å ha etter lovendringa. Kontrollutvalget har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Stranda, den 28.02.2012

Inge Gjærde leiar (sign.)	Randi Strand Overå nestleiar (sign.)	Magnar Furset medlem (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Svein Kvaløy medlem (sign.)
---------------------------------	--	------------------------------------	---	-----------------------------------

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 20.02.2012

**SAK 03/12
OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR,
ÅRSHJUL - ORIENTERINGSSAK**

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25. september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningsliner for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1. Rekneskapsrevisjon

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følger av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilet av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultata av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalfsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpekt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalfsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følger av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknyting til behandling av forvaltningsrevisjonsrapporter blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12. I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meinig ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktiorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemnd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei ”bestillarrolle” når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggast til grunn. Det følgjer av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan også av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgje innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariat eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og legge fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanståande punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlege budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga,

koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og forestår det løpende tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunnning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningsliner for korleis slike avgjelder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligare vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphørde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneholder og eventuelle forslag til tiltak og forbettingspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbetteringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningsliner for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningsliner for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggast fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.

Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpende tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelser. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemrd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhørende med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelserne er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphold etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilet av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med kom1 § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved

rekneskapen. Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

På bakgrunn av ovenståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 20.02.2012

**SAK 06/12
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL**

Som vedlegg følgjer

- Oversikt over selskap der kommunen har eigarinteresser i flg. kommunerekneskapen
- Særutskrift av kontrollutvalsak 03/09

OM SELSKAPSKONTROLL

Det første underomgrepet innan selskapskontroll er ”eigarskapskontroll”. Det er definert i kontrollutvalfsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: ”... kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).” Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er ”forvaltningsrevisjon av selskap”. Det er omtalt i kontrollutvalfsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgåande kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunktta kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR

Rekneskapane til aksjeselskap og interkommunale selskap blir reviderte av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiari, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtekten til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m." Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspelar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudomgrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontrollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigmeldt av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er naudsynt for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigmeldt av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforsking), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontrolldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å stifte eit kommunalt føretak, bør kommunestyret vere merksam på at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av

kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje kan endre føremålet med stiftinga og har ikkje innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansettinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlem i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjå nærmare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

1.4 EIGARKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definera eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivnadene deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

1.5 BRUKEN OG NYTTEN AV SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll kan vere retta mot eigarstyringa til kommunen og mot selskapet. Dersom fleire kommunar går saman om å kontrollere eit selskap dei eig saman, kan dette både teljast som ein selskapskontroll og som ei tinging frå kvart kontrollutval. Desse forholda gjer at ein må vite kva ein spør om når ein kartlegg bruken av selskapskontroll.

1.6 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGARAR

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verkeemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheter til å føre kontroll, men har ikkje føresegner om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timer enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet

kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtektene for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal ha eit overordna ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltagande kommunane. Dette vil sjølv sagt ikkje avgrense dei moglegitetene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpende tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarende avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapa som dei treng for å planleggje selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapa skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapa sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

"Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ."

1.7 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR

Selskap der det også er private eigarar med, skapar større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

1.8 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det løpende tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpende tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebere at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarende. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndighet. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

1.9 OMFANGET AV INNSYNSRETEN

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemder som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

SELSKAPSKONTROLLEN I STRANDA KOMMUNE KOMMUNE

Selskapskontroll i ein eller annan form er aktuelt for selskapa som går fram av vedlagte liste. I Stranda kommune har det blitt levert to rapportar om selskapskontroll, ein i 2007 og ein i 2009. Den siste rapporten kom som ein følgje av vedtak fatta av kommunestyret ved behandlinga av den første rapporten.

I sak 03/11 (sjå vedlegg) var det ei oppfølging av selskapskontrollen. Det kom fram i møtet at tidlegare vedtak om selskapskontroll ikkje hadde blitt oppfølgt av administrasjonen, men at det ville bli teke sikte på å ajourføre eigarskapsmeldingane med det første.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak i sak 03/11 var å ha saka til observasjon. Ei undersøking av dette forholdet er eit oversiktleg og enkelt prosjekt som kan utførast gjennom vanleg løpende oppfølging.

Eit selskap som ut i frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering peikar seg ut for ein selskapskontroll er Strandafjellet Skisenter A. Kontrollutvalet har i fleire saker behandla den vanskelege økonomien til Strandafjellet KF. Ettersom aksjeselskapet si drift er avgjerande for økonomien i Strandafjellet KF og dermed Stranda kommune sin økonomi, kan det vere føremålstenleg å ha ein selskapskontroll i form av forvaltningsrevisjon i dette aksjeselskapet.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadalar, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadalar
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

1. Det blir utført selskapskontroll av Strandafjellet Skisenter AS. Med samtykke frå selskapet blir kontrollen gjennomført som forvaltningsrevisjon. Stranda kommune vil som deleigar tilrå slik revisjon.
2. Det blir utført løpende kontroll med kommunen si oppfølging av vedtak knytt til selskapskontrollrapport frå 2009, som gjaldt alle heileigde kommunale selskap.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å lage nærmare definert mandat i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

Note 5 Aksjar og partar

Selskap	Kjøpsår	Kjøpsverdi	Bokført verdi 31.12.2009
KLP - eigenkapitalinnskot	1999-2009	3 376 443	3 376 443
Biblioteksentralen	1962-1976	1 200	1
Geiranger Fjordservice AS	1991	5 000	1
Strandafjellet Skisenter AS	1969-1998	1 321 995	1
Volda Industri AS	1971	4 000	1
Møretre AS	1975	1 000	1
Liabygda Vassverk AL	1969	13 200	1
Storfjord Kulturhus PL	1998	40 000	1
Stranda Egedomsselskap AS	1982-2008	10 840 000	10 840 000
Norddalsbrua AS	1983	5 000	1
Ålesund og Giske Bruselskap AS	1983-1985	15 000	1
Sunnmøre Veginvest AS	2006	18 000	1
Sunnmørshallen AL	1985	5 000	1
Storfjordsambandet AS	1988	50 000	1
Sunnylven Samfunnshus PL	1987	120 000	1
Muritunet AS	1992-2002	300 000	1
ASVO Produkter AS	1992	50 000	1
Radio Storfjord AS	1993-2004	238 785	120 001
Norsk Fjordsenter AS	1993	5 000	1
Norske Fjell AS	1995	10 000	1
Geirangerfjorden AS	2002	54 880	1
Indre Sunnmøre lab. As	2003	150 000	150 000
Åknes/Tafjord Beredskap IKS	2008	2 502 500	2 502 500
Ålesundsregionen Interk. Miljøselskap IKS	2009	24 500	24 500
Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 IKS			1
Sunnmøre kontrollutv.sekretariat IKS			1
Stranda Energiverk AS	1998	25 000 000	62 946 000
	2007	9 000 000	
Sum			79 959 464

I følgjande selskap eig Stranda kommune alle aksjane:

Stranda Egedomsselskap AS

Stranda Energiverk AS

ASVO Produkter AS

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Stranda kontrollutval i møte 24.02.2009.

Av 5 medlem var 5 til stades.

SAK 03/09 SELSKAPSKONTROLL I STRANDA KOMMUNE.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.02.2009.

Presentasjon av rapport ved partner Øyvind Sunde og leder offentlig revisjon Bjørn Bråten frå BDO Noraudit Oslo DA

Per Berge stilte spørsmål ved sin habilitet. Per Berge trekte seg tilbake og eit samrøystes kontrollutval gjorde vedtak om at Per Berge ikkje var inhabil.

Saksutgreiinga:

"Rapporten listar opp kommunestyrevedtaka som låg til grunn for bestillinga av rapporten. Vidare drøftar rapporten 7 problemstillingar og kvar problemstilling er inndelt i 3 delar:

- Vurderingskriteriar
- Fakta og vurderingar
- Konklusjon

Nedanfor er det knytt kommentarar til problemstilling 1, 2 og 7 ettersom det er desse som har det største forbetringspotensialet. For dei øvrige problemstillingane blir det vist til rapporten.

Problemstilling 1 og 2: *Fører kommunen kontroll med eigarinteressene sine i selskapa. Mottek kommunestyret tilstrekkeleg og dekkjande informasjon om selskapa?*

Ein del av konklusjonen for problemstilling 1 og 2 er at manglande iverksetting av prinsippa i eigarstrategiane medfører at kommunestyret i liten grad mottek informasjon om selskapa gjennom året.

Problemstilling 7: *Har selskapa ei effektiv og økonomisk forsvarleg drift?*

Når det gjeld Stranda Energiverk AS kjem det fram at det økonomiske resultatet er vesentleg lågare enn forventningane i eigarstrategien for 2008 og framover. Lånegjelda i Stranda Eigedomsselskap AS er svært høg og eigarstrategien om å legge til rette for utbytte er ikkje oppnådd i 2007. Svemorka Næringsbygg har motteke konsernbidrag.

Rapporten blir avslutta med anbefalingar og kommentarar.
Prioritert rekkefølgje på tilrådde forbetingstiltak er denne:

Gruppe 1: Informasjons- og rapporteringsrutinar (dialog)
Plassere administrativt ansvar for eigarutøving

Gruppe 2: Oppfølgjing av selskapa sin økonomi
Løpende informasjon frå selskapa
Ta i bruk styrevervregisteret
Årlig eigarmelding til kommunestyret
Revisjon av eigarskapsmeldinga
Drøfte realismen i avkastnings- og utbyttekrav
Drøfte praktiseringa av tilbakeføringa av næringsbygg
Skilje ut/selje eideomen som er leigd ut

Gruppe 3: Oversikt over eigarskapet i årsmeldinga

Rapporten har vore til høyring hos dei som har høve til å uttale seg. Det har ikkje kome vesentlege merknader til rapporten.

Tidlegare rapport om selskapskontroll frå 2007 vart utarbeidd på eit tidspunkt før kommunen for alvor sette selskapskontrollen på dagsorden. Fleire forhold i den rapporten er det oppstarta arbeid med. Dette saman med alderen på rapporten gjer at denne ikkje blir lagt fram.”

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling til kommunestyret:

Det blir vist til dei forbetingstiltaka som kjem fram i saksutgreiinga ovanfor under gruppe 1, 2 og 3, og kommunestyret ber om at det blir sett i gang arbeid med å utføre desse.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 20.02.2012

**SAK 07/12
KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK 114/11 OM DOKUMENTASJON AV VAR –
KOSTNADAR**

I denne saka vart det gjort slikt vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen syte for at: Vedtaksgrunnlaget for sjølvkostberegningane i VAR må vere tilstrekkeleg utgreidd, opplyst og kvalitetssikra gjennom dokumentasjon og sakshandsaming til budsjett og rekneskap. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet går gjennom:

1. Dokumentasjonen for kostnadane i VAR-postane sine rekneskapstal.
2. Dokumentasjon for kostnadane som er lagt til grunn for sjølvkostberekingane i VAR
3. Om praktisert fordeling mellom abonnentsgrupper og fastgebyr/forbruksgebyr stettar krava i forskriftene.

På bakgrunn av usikkerheit om innhaldet i det mandatet som ligg i vedtaket, blir det lagt opp ei drøfting av dette saman med ordførar.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 20.02.2012

**SAK 08/12
MØTEPLAN 1. HALVÅR 2012**

I samråd med leiar blir følgjande forslag til møteplan lagt fram:

28. februar, 27. Mars, 15. mai og 14. juni.

Harald Rogne
dagleg leiar